



Jobbnorge-ID: 108240

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiat i allmenn språkvitenskap ved Institutt for språkvitenskap

Søknadsfrist: 22.1.2015

Ref.nr.: 2014/5208

Ved Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet (UiT) er det ledig ei stilling som stipendiat for søkjar som ønskjer å ta graden philosophiae doctor (ph.d.). Stillinga er knytt til forskningssenteret CASTL (Center for Advanced Study in Theoretical Linguistics) ved Institutt for språkvitenskap.

Prosjektet som stipendiaten skal arbeide med, og som det må vere gjort greie for i søknaden, må derfor vere knytt til forskning som blir driven på CASTL (sjå <http://castl.uit.no>). CASTL driv med forskning hovudsakleg innanfor generativ grammatikk med fokus på syntaks, fonologi og språktileigning. Søkjarar med prosjekt i alle desse kjerneområda er oppmoda om å søkje.

Tilsettinga gjeld for fire år.

Ei stipendiatstilling er ei utdanningsstilling, som har ei fullført forskarutdanning fram til doktorgrad som mål. Opptak til doktorgradsprogram er ein føresetnad for tilsetting, og studieperioden tek til når ein byrjar i stillinga. Stipendiaten tek del i forskarutdanninga på fakultetet, og doktorgradsprosjektet skal gjennomførast i løpet av tilsettingsperioden.

Den som blir tilsett, må oppfylle kravet for opptak på fakultetet sitt ph.d.-program, jf. § 6 i ph.d.-forskrifta ved UiT Norges arktiske universitet. I tillegg må det dokumenterast engelskkunnskapar som tilfredsstiller kravet til norsk generell studiekompetanse, sjå nettsider om [ph.d.-forskriften ved UiT](#).

Meir informasjon om studiet finn du på denne sida: http://uit.no/ansatte/organisasjon/artikkel?p_document_id=192639&p_dimension_id=88147&p_menu=28713

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få hos senterleiar for CASTL, professor Peter Svenonius, tlf. 776 44508, e-post: peter.svenonius@uit.no eller hos instituttleiar Eystein Dahl, tlf.nr.: 77 64 42 90, e-post: eystein.dahl@uit.no.

[Institutt for språkvitenskap](#) (IS) har ca. 40 fast vitenskapleg tilsette og om lag 20 stipendiatar. I tillegg kjem administrativt personale og mellombels tilsette i forskings- og undervisningsstillingar. Ved IS driv ein undervisning, forskning og formidling innanfor faga allmenn språkvitenskap, engelsk, finsk og kvensk, fransk, nordisk, russisk, samisk, spansk og tysk. Det blir òg arbeidd med samisk språkteknologi innanfor gruppene Giellatekno og Divvun.

På bakgrunn av nordområdeprofilen til UiT Norges arktiske universitet har IS forskning på språkforholda i nordområda som eit naturleg satsingsområde, men det blir også drive forskning innanfor eit vidt spekter av andre emne og med ulik teoretisk tilnærming. Eit tidlegare senter for framifrå forskning i teoretisk lingvistikk (CASTL) er vidareført som ei forskingsgruppe innanfor IS. I tillegg til dei to gruppene i samisk språkteknologi og CASTL med undergrupper er det etablert forskingsgrupper på felta slavisk kognitiv lingvistikk, språktileigning og språk og samfunn.

Den som blir tilsett, må dokumentere kompetanse på mastergradsnivå i språkvitenskap frå allmenn språkvitenskap eller eit anna språkfag (2-årig master).

Søknaden skal innehalde framlegg til ein plan for doktorgradsarbeidet som står i samsvar med/er innanfor forskingsprofilen på CASTL (sjå ovanfor).

Det blir lagt vekt på om søkjarane er skikka som person for stillinga.

Normal tilsetjingsperiode er fire år. Ph.d.-studiet er normert til tre år. Det fjerde året, fordelt med 25 % pr. år, skal nyttast til undervisning eller andre arbeidsoppgåver for universitetet, jf. [retningslinjer](#) for stipendiatarar arbeidsoppgåver.

Stipendiaten kan bli tillagd undervisning på alle nivå innanfor bachelor- og mastergradsutdanningane i det fagområdet han eller ho har kompetansen sin.

Kortare tilsetjingsperiode kan bli gitt dersom stipendiaten alt har gjennomført delar av forskarutdanningsprogrammet sitt, eller når tilsetjinga byggjer på tidlegare tilsetjing i utdanningsstilling (stipendiat, vitenskapelig assistent og liknande), slik at total tid til forskarutdanning blir tre år.

Stilling som stipendiat blir lønna etter staten sitt regulativ kode 1017. Det blir trekt 2 % pliktig innskot til Statens pensjonskasse.

Søknad skal sendast elektronisk på søknadsskjema som ligg på denne sida (www.jobbnorge.no).

Søknad via e-post kan ikkje godkjennast.

Dette må følgje med den elektroniske søknaden:

- søknadsbrev
- prosjekttale (mal finn du her: http://uit.no/ansatte/organisasjon/artikkel?p_document_id=348735&p_dimension_id=88147&p_menu=42374)
- CV (fullstendig oversikt over utdanning, praksis og fagleg arbeid)
- vitnemål og karakterutskrift frå bachelorgrad eller tilsvarande
- vitnemål og karakterutskrift frå mastergrad eller tilsvarande
- diploma supplement for avlagde gradar
- dokumentasjon for engelskkunnskapar
- attestar
- namn og kontakinformasjon på 2-3 referansar (namn, tilknytning til søkjar, e-postadresse og telefonnummer)
- liste over arbeid søkjar ynskjer det skal bli tatt omsyn til ved vurderinga og beskriving av desse (sjå nedanfor)
 - forfattar(ar), tittel på arbeid
 - for artiklar: namn på tidsskrift og volum, første og siste sidetal på artikkelen, årstal
 - for bøker eller andre sjølvstendige publikasjonar: forlag, trykkestad, år og sidetal
- arbeid (publiserte eller upubliserte) som søkjaren ynskjer det skal bli tatt omsyn til ved vurderinga.

All dokumentasjon som skal vurderast må vere sertifisert og omsett til engelsk eller eit skandinavisk språk.

Opplysningar og materiale som ein skal ta omsyn til i vurderinga må leggjast med den elektroniske søknaden.

Søklarane vil bli vurderte av ein sakkunnig komité. Ved vurderinga vil hovudvekta bli lagd på søkjaren sitt potensiale for forskning slik dette går fram av masteroppgåva eller tilsvarande, eventuelle andre vitenskaplege arbeid, og prosjekttale.

I tillegg kan ein ta omsyn til yrkespraksis og anna verksemd av relevans for gjennomføring av doktorgradsstudiet. Eventuelle pedagogiske kvalifikasjonar, slik som pedagogisk utdanning, undervisningserfaring, erfaring frå popularisering og erfaring/utdanning frå andre typar formidling kan òg vere viktig.

Dei søklarane som blir vurderte som best kvalifiserte, vil bli kalla inn til intervju.

Sjå elles [utfyllende bestemmelser for tilsetjing i stillinger som postdoktor, stipendiat og vitenskapelig assistent ved Universitetet i Tromsø](#) og [forskrift om ansettelsesvilkår for stillinger som postdoktor, stipendiat, vitenskapelig assistent og spesialistkandidat](#)

Førespurnad om korleis arbeidsmiljøet er tilrettelagt, korleis arbeidsstaden er utforma fysisk, helseteneste, moglegheiter for fleksitid, deltid o.l. kan ein rette til telefonreferansen.

Ved UiT Noregs arktiske universitet legg vi vekt på mangfald, og oppmodar derfor kvalifiserte søklarar til å søkje utan omsyn til kjønn, funksjonsevne og nasjonal eller etnisk bakgrunn.

Universitetet er IA-verksemd og legg derfor vekt på å leggje til rette arbeidstilhøva for tilsette med redusert funksjonsevne.

Personopplysningar som blir oppgitt i søknad og CV til stillingar blir handsama i tråd med lov om handsaming av personopplysningar, personopplysningslova. I tråd med offentlegheitslova § 25, 2. ledd, kan søkjar be om ikkje å bli ført opp på den offisielle søkjarlista. Universitetet kan likevel vedta at namnet på kandidaten skal offentliggjerst. Søkjar vil i forkant av eventuell offentliggjerjing bli varsla.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: